

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 12.03.2019

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev slik uttale:

1.

Eksamensperioden vert avkorta ved at eksamen på studieførebuande utdanningsprogram kan gjennomførast på fem dagar ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane normalt tek på Vg3.

- a. Meiner de at eksamensperioden bør komprimerast til fem dagar ved å halde alle sentralt gitte eksamenar på Vg3 (studieførebuande) i løpet av to dagar?  
Svar: Ja
- b. Vil eit slikt forslag gjere det lettare for skulane å planlegge og gjennomføre opplæringa i tråd med årstimetalet?  
Svar: Ja
- c. Ser de andre økonomiske eller administrative konsekvensar av framleggget?  
Svar: Veit ikkje

Kommentar: I høyringsbrevet skriv Utdanningsdirektoratet at dei økonomiske og administrative konsekvensane for fylkeskommunane skal ytterlegare utgreiaast.

Hordaland fylkeskommune har svært mange privatistar. Ved ei komprimering av eksamensperioden kan det vere utfordrande å finne tilstrekkeleg lokale til avvikling av eksamen. Det kan medføre auka leigekostnader og auka kostnader til vakthald m.m. Det er viktig at også dette vert vurdert som ein del dei økonomiske og administrative konsekvensane.

2. Offentleggjeringa av eksamenstrekket vert flytta, slik at elevane/deltakarane blir kjent med trekket tidlegare, t.d. to eller tre veker før første eksamen.

- a. Vil ei endring av offentleggjering av trekket gjere det enklare å planlegge undervisninga?  
Svar: Ja
- b. Dersom de ønskjer ei endring, kva alternativ føretrekkjer de?  
Svar: Alt. 1, 10 yrkedagar før eksamen
- c. Meiner de tidspunktet for offentleggjering av trekk bør gjelde både sentralt gitt og lokalt gitt eksamen?  
Svar: Ja
- d. Meiner de trekket skal offentleggjeraast felles for alle fag, eller meiner de det framleis skal vere skilje mellom sentralt gitte og lokalt gitte eksamenar?  
Svar: Felles for alle
- e. Vil forlaget føre til andre økonomiske eller administrative konsekvensar?  
Svar: Nei

3. Standpunktakarakterar vert ikkje lenger sett før lokalt gitt eksamen er gjennomført. Det er gjort forslag om fleire alternative endringar, m.a. at standpunktakarakterar skal setjast seinast dagen før fellessessurmøtet, samstundes som eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentleggjeraast før etter fellessessurmøte.

- a. Vil ei endring i føresegna i forskrift til opplæringslova § 3-18 om fastsetting av standpunktakarakterar i fag med lokalt gitt eksamen bidra til at årstimetalet i større grad vert oppfylt?  
Svar: Ja

- b. Vil det vere ei god løysing at eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentleggjeraast før etter fellessensurmøtet og at standpunktcharakterar i alle fag skal fastsetjast før dette møtet?

Svar: Ja

- c. Vil forslaget føre med seg andre økonomiske eller administrative konsekvensar?

Svar: Ja

Kommentarar: Endringane kan føre til komprimert tidsrom for klagebehandling.

Det kan gje auka arbeidspress på dei fylkeskommunale klagenemndene i ein periode. Når eksams- og standpunktcharakterar får om lag same offentleggjeringsdato, vil det vere enklare å kommunisere ut tidspunkt for offentleggjering.

4. Det er ikkje naudsynt at skuleåret varer i 38 veker, så lenge all opplæring vert gjennomført. Det er gjort framlegg om fleire alternativ til endring.

- a. Vil ei endring av føresegna til opplæringslova § 3-2 om lengda på skuleåret i større grad gjere det mogeleg å oppfylle årstimetalet før eksamenstida begynner?

Svar: Ja

- b. Dersom ja, kva for alternativ føretrekkjer de?

Svar: Alt. 3, Skuleåret skal strekkje seg over minst 180 dagar. Elevane skal ha minst 7 veker samanhengande ferie.

5. Iverksetting

- a. Støttar de vår vurdering av når endringane kan tre i kraft?

Svar: Ja

6. Anna

- a. Har de innspel til andre endringar som kan bidra til at årstimetalet i større grad vert oppfylt?

Svar: Nei